



Referat årsmøte 1/3 2013 i klubbhuset i Paulen kl. 18.00

Frammøtte: 16 stk.

Innkalling med årsmelding og rekneskapsutdrag var utsendt til medlemmer med båtplass.

Leder Jan Petter Angvik ønska velkommen til årsmøtet.
Ingen merknader til innkallinga.

Årsmelding; godkjent.

Vart opplest og gjennomgått. Noen kommentarar til spørsmålet om omorganisering av laget i forhold til nye reglar, andelslag etc. Dette blir sak for det nye styret. Også i forhold til vurdering av medlemskap i Kongelig Norsk Båtförening.

Ellers presisering av oppmodinga om å tegne forsikring på båten sin gjeld først og framst ansvarsforsikring.

Rekneskap: godkjent

Framlagt og revidert. Kasserar var hindra i å vere tilstades. Jan Petter Angvik gjekk derfor gjennom tala. Noen få spørsmål om dei forskjellige kontoane vart avklart undervegs.

Eit rekneskapsmessig underskot på 44.362 som følgje av inntekter på 309.000 og utgifter på 353.000 kroner. Utbygging nye flytebrygger største post på rundt 204.000 kroner. Nytt lytsthus på ca 57.000 kroner. Likevel ein balanse og pengar på konto på 58.000. I tillegg kjem uteståande i tilskott på 19.000 i Naturskadefondet og 10.000 frå Miljøfondet.

Val.

Innstillinga frå valkomiteen vart framlagt av Stig Arild Arvesen.

På val i styret var Jan Petter Angvik, Per Helge Rudi og Modolv Torhus.

Alle desse tre hadde sagt frå seg attval.

Innstillinga frå valkomiteen vart godkjent samstemmig.

Styret:

Mellvin Steinsvoll (leder , valt for 1 år)

Arnt Ove Viken (kasserar, valt for 2 år)

Bjørn Nauste (styremedlem valt for 2 år)

Vara: På valg var Gjermund Frisvoll. Aattvalt for 2 år.

Valkomite: Stig Arild Arvesen (valt for 1 år), Vegard Øverås Lied (2 år), Aslak Nerås (3 år)

Revisorar: Ingen på val.

Det nye styret ser derfor slik ut:

Styret: Svein Rekdal Leidulf Frisvoll Bjørn Nauste (2013) Mellvin Steinsvoll (2013) Arnt Ove Viken (2013)	Varamedlemmer til styret: Tor Erik Aarstad Gjermund Frisvoll (2013)	Valgkomite: Stig Arild Arvesen (1 år) Vegard Øverås Lied (2 år) Aslak Nerås (3 år)
---	--	--



ERESFJORD SMÅBÅTLAG

6470 Eresfjord

Konto: 4106.30.09820

Org.nr. 980 329 062

Dato: 1/3- 2013

Eventuelt:

Diskusjon om at det er behov for endring av vedtektene og organisasjonsforma på Eresfjord Småbåtlag. Er i dag eit andelslag etter «gamle» reglar. I forhold til nye reglar og laget sitt organisasjonsnummer i Brønnøysindregistra må dette endrast og tilpassast. Slik det er i dag har laget ingen rett til grasrotandel og momsrefusjon ettersom vi ikkje har «rett» organisasjonsform. Uansett; dette blir sak for det nye styret å gripe fatt i.

Årsmøtet slutt kl 19.30.

Referent: Bjørn Magne Øverås